



Arkivnr: 2019/9716-1
Saksbehandlar: Elin Molven Wilhelmsen-

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		02.05.2019

Val av styremedlem til Stiftelsen Bergen kjøtt

Samandrag

Bergen bystyre vedtok i sitt møte 13.3.2019 i sak 66/19 å oppretta Stiftelsen Bergen Kjøtt for å sikra ei vidare drift av huset til kunst- og kulturformål. I stiftingsvedtaka som fylgde saka står det at stiftinga sitt styre skal ha 7 personar, der eit styremedlem skal verta oppnemnt av Hordaland fylkeskommune. Byrådsavdeling for klima, kultur og næring i Bergen kommune koordinerer arbeidet med å hente inn oppnemning frå dei ulike partane og skal samle det første stiftelsesstyret. På bakgrunn av dette ber Bergen kommune om at Hordaland fylkeskommune nemner opp sin kandidat til styrevervet.

Denne saka, val av styrerepresentant frå HFK til Stiftinga Bergen kjøtt, er ei sak som i **utgangspunktet skulle handsamast i valnemnda og deretter i fylkestinget**, Jfr. Delegasjonsreglementet pkt. 2.4. Valnemnda gir innstilling i saker om val der avgjerda om valet ligg til fylkestinget og saker om val av skjønnsmannsutval. Grunna kort frist for å få på plass ei avgjerd, må me i denne saka nytta delegasjonsreglementet punkt 2.1.6.:

«når avgjerda ikkje kan venta til fylkestinget er samla».

Økonomi: Saka medfører ikkje økonomiske forpliktingar for Hordaland fylkeskommune.

Klima: Saka har ikkje tyding for klima.

Folkehelse: Kunst og kultur opnar for deltaking og utvikling for alle.

Regional planstrategi: Satsing på kunst som næringsveg er i samsvar med Regional plan for kultur og idrett.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet nemner opp.....som representant til styret for Stiftinga Bergen Kjøtt.
2. Fylkesutvalet nemner opp.....som vararepresentant til styret for Stiftinga Bergen Kjøtt.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Stiftelsen Bergen Kjøtt - Reviderte vedtekter.
- 2 PS Bergen Bystyre - Etablering av Stiftelsen Bergen Kjøtt.
- 3 Vedtak Bergen Bystyre - Stiftelsen Bergen Kjøtt.

Fylkesrådmannen, 28.03.2019**Bakgrunn for saka:**

Bergen bystyre vedtok i sitt møte 13.3.2019 i sak 66/19 å oppretta Stiftelsen Bergen Kjøtt for å sikra ei vidare drift av huset til kunst- og kulturformål. I stiftingsvedtaka som fylgde saka står det at stiftinga sitt styre skal ha 7 personar, der eit styremedlem skal verta oppnemnt av Hordaland fylkeskommune. Byrådsavdeling for klima, kultur og næring i Bergen kommune koordinerer arbeidet med å hente inn oppnemning frå dei ulike partane og skal samle det første stiftelsesstyret. På bakgrunn av dette ber Bergen kommune om at Hordaland fylkeskommune nemner opp sin kandidat til styrevervet.

Val av styrerepresentant:

Angående val av styrerepresentant frå Hordaland fylkeskommune til Stiftinga Bergen Kjøtt. Det går fram av delegasjonsreglementet til Hordaland fylkeskommune del A, Reglement for fylkestinget, punkt 2.4. at:

«Valnemnd

Fylkestinget vel i det konstituerande møtet, etter innstilling frå fylkesutvalet, ei valnemnd for heile valbolken. Valnemnda bør ha 11 medlemmer som reflekterer styrkeforholdet i fylkestinget. Det er eit mål at alle partia skal vera representerte i valnemnda. Kvar partigruppe får 1 varamedlem meir enn partigruppa har medlemmer i nemnda.

Valnemnda gir innstilling i saker om val der avgjerda om valet ligg til fylkestinget og saker om val av skjønnsmannsutval.»

Denne saka, val av styrerepresentant frå HFK til Stiftelsen Bergen kjøtt, er ei sak som i utgangspunktet skulle handsamast i valnemnda og deretter i fylkestinget, Jfr. Delegasjonsreglementet pkt. 2.4. Det vert vist til delegasjonsreglementet del A, reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.6., saker der fylkesutvalet tek avgjerd. Her går det mellom anna fram:

«Oppnemning av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar o.l. når avgjerda ikkje kan venta til fylkestinget er samla.»

Bergen kommune har kontakta Hordaland fylkeskommune og bedt Hordaland om å nemne opp sin kandidat til styrevervet. Det er også opplyst at det er et hastemoment i forhold til oppnemning av styremedlemmer til stiftelsen og framdrifta overfor husleiger og bank. Neste møte i valnemnda og fylkestinget er 12.06.2019. Me syner her til avgjerda i delegasjonsreglementet punkt 2.1.6.

«når avgjerda ikkje kan venta til fylkestinget er samla.»

Stiftelsen Bergen Kjøtt:

Stiftelsen Bergen Kjøtt er ein ikkje-næringsdrivande stiftelse med formål å leggja til rette for drift av eit fleirbruksbygg for kunst og kultur på Skutevikstorget 1. Stiftelsen har ikkje erverv som formål.

Gjennom drifta av Bergen Kjøtt skal artistar, kunstnara, kulturarbeidarar og publikum produsera, utvikla, formidle og oppleve eit vidt spekter av kunstnariske uttrykk som musikk, visuell kunst og tverrfaglige kunstformer.

Det er eit mål at Bergen Kjøtt skal ivareta dei profesjonelle kunstnarane og musikarane sine behov og ynskjer. Det skal være ein attraktivt og tilgjengeleg stad for byens utøvarar som legger til rette for produksjon, utvikling, nyskaping, kunstfagleg utveksling og samarbeid i kunst og kulturlivet. For å realisere dette, står det i retningslinjene til stiftelsen at dei skal:

«Skaffe lokaler egnet til formålet som tilrettelagte øvingsrom, verksteder, studios og visningsrom. Stille disse lokalene til rådighet for brukergruppene gjennom langsiktige leieavtaler til et moderat leieprisnivå og påse på at lokalene brukes i samsvar med formålet.»

Saka vart handsama i Bergen bystyre den 13.03.2019 i PS 66/19:

<https://www.bergen.kommune.no/politikk/styresett/#/utvalg/900073/mote/1024002/sak/211069>

Støtte til drifta

Bergen Contemporary Art Project (BCAP), som i dag står for drifta av Stiftelsen Bergen kjøtt, mottar tilskot til drifta over eigen linje i budsjettet til Bergen kommune. I 2019 er tilskotet på kr. 668.885,-. Tilskotet til BCAP overførast til- og vidareføres i den nye stiftelsen saman med drifta av huset. I tillegg går privat investor Espen Galtung Døsvig inn med kr. 1 mill. i driftsmidlar over ein 3 års periode.

Økonomisk status

Avtalt overdragingssum for bygget og leigeavtalar (drifta) er på kr. 30 mill. Bergen kommune stiller med stiftingskapital på kr. 9 mill. Resten, kr. 21 mill., vert teke opp som lån i DNB.

Sett ut i frå dagens nivå på leigeinntekter og med kommunalt og privat driftstilskot, forventar ein at stiftinga i dag kan drivast med plussregnskap, nok til å dekkja drift og grunnleggjande vedlikehald. Ved behov forventas det at stiftingsstyret søkjer andre offentlege tilskotsordningar som gjev støtte til investering og oppgradering av kulturbygg.

Drifta

Stiftelsen Bergen kjøtt skal i høve til vedtektene vidareførast som eit tverrfagleg kunst- og kulturbygg. Det skal også leigast ut øvingsrom, verkstader, studios og visningsrom til kunstnarar og kulturarbeidarar. Ut over dette er det stiftingsstyrets oppgåve og privilegium å utforma den endelege driftsmodellen. Bergen kommune kan ikkje legge føringar for korleis huset skal driftast.

Vurdering

Stiftelsen Bergen Kjøtt har pr. dags dato ingen økonomisk støtte frå Hordaland fylkeskommune. Det er heller ikkje lagt opp til dette som fylgje av ei oppnemninga av representant til stiftingsstyret.

Bergen Kjøtt er ein inkubator for viktige deler av kunst og kulturlivet med stor regional ringverknad for heile Vestlandet. Fylkesrådmannen ser det difor som tenleg at Hordaland fylkeskommune nemner opp ein styrerepresentant til Bergen Kjøtt.